

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

## Namn på skulen: VOSS HUSFLIDSKULE

Tal elevar skuleåret 2015/16: 58

### 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

#### Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått  
Andel stryk og IV  
Gjennomsnittleg fråvær  
Andel sluttarar

#### 1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	77,3
2015/16	63,5

#### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	7,14%	11,9%
	2015/16	14,1	23,08
Standpunkt	2014/15	6,25%	6,25%
	2015/16	8,11	12,16
Eksamen	2014/15	6,06%	
	2015/16	7,14 (Extens 3,4%)	

#### 1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	8,75
	dagar	17,49
2015/16	timar	15,41
	dagar	29,23

#### 1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	9,1%
2015/16	11,8%

**1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17**

***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

*Statistisk må ein merke seg at elevtalet ved skulen for inneverande år var tjuufem elevar færre enn skuleåret 14-15.*

Prosent for fullført og bestått har ein nedgang frå førre år. Ser ein på gjennomføringsprosenten på dei einskilde utdanningsprogramma, har MK ein gjennomføringsprosent på 69,2% og FO 57,1%.

Det er berre ein elev på utdanningsprogram for FO som har negative karakterar i S/T2, og det var ingen som strauk til eksamen i dei to klassane. Årsaka til at det er ein låg prosent fullført og bestått er mellom anna tre elevar på Vg3 som har fag frå Vg1 og Vg2 som dei ikkje har bestått særskild og privatist eksamen i.

På utdanningsprogram for MK har ein fleire elevar som har ein høg andel negative karakterar. Dette er elevar som me har vore klar over gjennom året og som har vore under oppfølging. På Vg3 MK var det fem av tretten som ikkje fekk vitnemål. Det var to som strauk på eksamen i norsk sidemål, og ein elev med negative karakterar i standpunkt. Som for FO, er det elevar som har fag frå Vg1 og Vg2 der dei ikkje har bestått privatisteksamenar som er årsaka til at ein ikkje får vitnemål på Vg3.

Samla sett har skulen trettifire negative karakterar i standpunkt/T2 og tre stryk på eksamen. Dei trettifire negative karakterane i standpunkt er fordelt på åtte elevar. Det er berre ein elev som berre har ein negativ karakter. To av elevane har ni negative karakterar. Dei andre fem elevane har tre eller fleire negative karakterar.

Auke i fråvær, både timar og dagar, relaterer me òg til elevane som har ein høg andel negative karakterar. Samanliknar ein fråværet til elevane på Vg3 i år mot elevane på Vg3 skuleåret 14-15, har elevane i år samla sett eit lågare fråvær.

Ein ser elles at elevane på studiespesialiserande med formgjevingsfag gjer det svært godt i sine programfag. For programfaga på ST-FO er gjennomsnittskarakteren i standpunkt 4,5 og på eksamen 4,03.

***Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?***

Skulen gjennomfører startsamalar med elevar og føresette på Vg1 for å få nødvendig informasjon om elevane. Me forsøkte i år at elevane skal levere kopi av vitnemål frå ungdomsskulen under startamtalen slik at ein kan avdekke og fylgje opp elevar som har eit stort fråvær. Skulen har òg gode rutinar for å halde klasselærarråd før skulestart så snart ein har informasjon om elevane. Skulen har òg møter mellom enkeltelevar og lærar før skulestart, dersom det er naudsynt.

Vidare har skulane på Voss i møter med ungdomsskulane i regionen eit mål om å ha faglege møter mellom ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane for at lærarane skal få betre kjennskap til faga ein har på ungdomsskulen og på vidaregåande.

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Skulen har hatt seks sluttarar dette skuleåret, mot tretten skuleåret 14-15. Alle sluttarane har før dei slutta vore i vårt system for oppfølging. Det er berre ein av sluttarane som ikkje har vore under oppfølging av andre instansar. Fem av elevane som har slutta har oppgitt sjukdom/psykisk helse som årsak. Den sjette eleven som slutta hadde «feilval» som årsak. Denne eleven kom til oss i oktober frå ein annan vidaregåande skule.

Årsaka som går att for dei som sluttar i år, som dei siste åra, er relatert til sjukdom/psykisk helse. Sjølv med tilrettelegging frå skule og lærarar si side i samråd med elev, føresette og behandlarar, er det mange som vel å slutta. Me ser og at fleirtalet av elevane som sluttar bur på hybel og mange av dei har gjort fleire omval og ofte ikkje har utdanningsprogrammet som fyrsteval.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

Omstillingsprosessen tydeleggjer kor viktig det er med god kommunikasjon mellom lærarar og kontaktlærar når elevane vert undervist av lærar på forskjellige skular. Tettare oppfølging av elevar og klassen som ein heilskap, av både kontaktlærar og faglærar, meiner me vil gje oss meir informasjon om elevar som av ulike årsaker er i faresona for å slutta. Dei nye styringsdokumenta tydeleggjer og at faglærarar har eit ansvar for å bidra til oppfølging av enkeltelevar og klassemiljø. Me vidarefører satsinga på klasselærarråd der ein arbeider med å betre gjennomføring, struktur og informasjonsflyt, samt at me vidarefører satsinga på trekantmøter for å sikre systematisk kommunikasjon mellom elevar, kontaktlærar og representant frå leiinga.

## 2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

### 2.1 Vurdering for læring

**Skulen si vurdering i lys av:**

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

#### 2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

***Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:***

Elevundersøkinga har vore nytta i tilstandsvurdering og i kvalitative drøftingar basert på kjennskap til eigen skule. Resultatet på elevundersøkinga sett opp mot resultatet i 2014 syner at det er små endringar i resultatet, som stort sett er så små endringar at ein ikkje kan relatere det til tiltak som er i verksette eller kjende tilhøve, men må sjåast på som ein årsvariasjon.

Når ein ser på fargekodar (raudt, gult, oransje og grønt) ser ein at det fortsatt er raud farge på motivasjon. Om ein ser på korleis dei enkelte svara har fordelt seg, er det ingen som har svart «ikkje i nokon fag», men det er færre som har svart «i dei aller fleste fag» (korrigert for lågare elevatal).

Sett i ljøs av eigen kjennskap til vurderingspraksis på skulen, i både teoretiske og praktiske fag, er resultatata frå elevundersøkinga ikkje i tråd med kva oppfatning me har av

vurderingspraksisen ved skulen. Avdelingane har over fleire år arbeidd godt med bruk av vurderingskriterier, vurderingsformer og eigenvurdering fordi ein spesielt innan dei estetiske og praktiske faga sjølv erfarer at det er viktig med klare vurderingskriterier for at elevane skal få ei forståing på kva dei vert vurderte på i oppgåvene. Ein har og arbeidd godt med bruk av eigenvurdering i ulike former, spesielt skrivning av logg under arbeid med oppgåver og i etterkant av oppgåvene som ein del av å vurdere eige arbeid og arbeids- og læringsprosess. Ein har og arbeidd med, etter tilbakemelding frå elevane førre år, tydeleggjering av i kva fag ein får karakter i tverrfagleg oppgåver i programfaga.

## 2.1.2 utfordringar innan «vurdering for læring»

### *Utfordringar:*

Utfordringa me vil ha fokus på vidare er å få elevane til å verte meir bevisst på og gjere seg bruk av vurderingskriterier, tilbakemeldingar, framovermeldingar og eigenvurdering. Me opplever, gjennom praksis og samtalar på trekantmøter, at elevar på Vg3 har ei større forståing av vurderingsomgrepa og er bevisste på å gjere seg nytte av vurderingskriterier for å sjå kva dei skal vurderast i når dei får utlevert oppgåver. Elevane på Vg1 og Vg2 vil ha stort utbyte av å utvikle same ferdigheiter så tidleg som mogeleg.

Elles er ein av utfordringane å få elevane til å ville involverer seg i eiga læring gjennom deltaking i eige vurderingsarbeid. Å oppnå betre faglege resultat krev at elevane er bevisste på eigne prestasjonar, er bevisste på kva ein skal lære og korleis dei sjølve kan tileigne seg kunnskap på ein best mogeleg måte for å kome der. Lærarane opplever at dei kan gje gode og fylldige tilbake- og framovermeldingar, men ser at mange elevar ikkje i stor nok grad gjer seg nytte av desse og arbeider med det.

Elles ser ein at det er utfordrande at elevane i større grad meiner munnlege tilbakemeldingar er me nyttige, då lærarane opplever det som utfordrande å få gitt munnlege tilbakemeldingar til alle elevane ofte fordi det tek mykje tid.

## 2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

**Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Skulen har for inneverande år ikkje hatt kurs for andre enn nyttilsette lærar. I den lokale undervisningsevalueringa får me gode resultat på bruk av IKT-verktøy i undervisninga. Skulen har utdanningsprogram for MK som gjer at elevane må naturleg nytte digitale verktøy i svært mange fag. Me meiner me ser i mellom anna undervisningsevalueringa at dei gjer uttrykk for at dei meiner dei har ein variert bruk av IKT i undervisninga. Lærarane uttrykkjer derimot at elevane i større grad kan bli betre på bruk av digitale verktøy knytt til hjelpemidla som ligg i basisprogramma og for å strukturere notat og anna læremateriell.

### 2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

#### **Utfordringar:**

Under bruk av IKT i læringsarbeidet har ein utfordringar knytt til digitale prøveplanar. Det er ulik bruk og versjon mellom dei to skulane, samt ulike måtar på same skule for å registrere prøvar elevane skal ha. Dette er ei viktig oppgåve for å hjelpe elevane med å strukturere tida og arbeidet. Elevane har i trekantmøter gitt uttrykk for at enkelte lærar ikkje nyttar seg av dei digitale prøveplanane. Enkelte lærarar har uttrykt frustrasjon over alle dei ulike variantane av prøveplanane. Me ynskjer for neste skuleår å bruke eitt digitalt verktøy for registrering av prøvar på begge skulane.

Det vert på planleggingsdagane i august arrangert opplæring i bruk av ny prøveplan. Det vert arrangert oppfylgingskurs ut over hausten.

## 2.3 Klasseleing

### Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

### 2.3.1 Vurdering av «klasseleing»:

**Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:**

Gjennom fokuset på klasselærarråd har skulen dette året har hatt fokus på klasseleing og felles arbeid for betre klasse- og læringsmiljø. Klasseleing har og vore tema gjennom trekantmøta med elevane slik at ein har fått kvalitative vurderingar omkring lærarane sin praksis i klasserommet i høve felles handtering av reglar og handtering av åtferd i klasserommet.

Ut i frå elevundersøkinga har me ein framgang frå skuleåret 14-15 på i kva grad elevane kjenner til kva reglar som gjeld på skulen. Me ser og at elevane meiner at lærarane syt for at ein skal oppføre seg etter reglane, men at me må arbeide med ein større grad av felles praksis dersom ein bryt reglane. Det er færre elevar som meiner ein berre «nokre gonger» reagerer likt på regelbrot samanlikna med 14-15, men samla sett må ein bli betre på dette området.

### 2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

#### **Utfordringar:**

Omstillingssituasjonen med elevar som har undervisning på tre stadar/skulebygg og som vert undervist av lærar som er stasjonert på ulike skular, medfører utfordringar med klasseleiing og kjennskap til reglar, både for elevar og lærar. Derfor vert det viktig med vidare arbeid i klasselærarråda med klasseleiing og felles regelverk.

## 3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

### 3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Skulen har særleg arbeidd med fokus på klasselærarråd inneverande skuleår. Ein har utarbeidd ny instruks for gjennomføring av klasselærarråd og utarbeidd sakliste for bruk. Satsinga har vore evaluert jamleg gjennom skuleåret.

### 3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Grunna den administrative samanslåinga med Voss gymnas, og flytting av utdanningsprogram for MDD delvis til VOH grunna byggjeprosessen, vart utdanningsprogram på tvers av skulane slått saman i fellesfag. Me såg det som naudsynt å sikre at klasselærarråda vart nytta betre til å ha dialog om enkeltelevar som var mellom skulane og dialog om klasse- og læringsmiljø mellom lærarane som er på dei ulike skulane.

### 3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Tiltaket var planlagt våren 2015 i lag med lærarane. Ein fekk innspel som vart arbeidd vidare med på planleggingsdagane i august. Vidare har leiinga gjennomført evalueringar etter oppsett årshjul.

- *August – personalsamling – tilstandsvurdering og konkretisering av tiltak knytt til trekantmøter og klasselærarråd*
- *September – presisering av tiltak knytt til klasselærarråd på bakgrunn av innspel i august*
- *Oktober – evaluering av fyrste gjennomføring av klasselærarråd og trekantmøter*
- *Desember/januar – evaluering etter T1*
- *April – evaluering etter fyrste klasselærarråd og trekantmøter i T2, samt fokus på elevundersøkinga og resultat*
- *Mai – Sluttevaluering av klasselærarråd, tilstandsvurdering og arbeid med nye styringsdokument*

### 3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Den kvalitative evalueringa av tiltaket viser at ein i større grad har sikra ein betre struktur på møta, samt at ein gir faglærar eit ansvar for å bidra til sakliste og vere budd på sakene som skal takast opp. Ein har og i større grad fått sett fokus på klasseleiing og læringsmiljø i klasselærarråda, noko ein tidlegare har sakna eitt systematisk fokus på.

### 3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Vidare i omstillingsperioden vil me vidareføre tiltaket. Det skuldast at det for inneverande år vert fleire lærarar i flyt mellom fire skular, samt at det vert fleire elevar som har undervisning på ulike undervisningsstadar.

## 4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

### 4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Sidan skulen vart administrativt slått saman med VOG dette skuleåret og ein derfor fekk elevar og tilsette frå to skular i same klassar, har ein hatt eit fokus på å tidleg vere tydelege på kva prosessar ein har planlagt dette skuleåret i høve tilstandsvurderingar. På personalsamling i august der lærarane var med å planlegge og utforme tiltaka for skuleåret, vart denne planen lagt fram som årshjul for kvalitativ og kvantitativ tilstandsvurdering.

- *August – personalsamling – tilstandsvurdering og konkretisering av tiltak knytt til trekantmøter og klasselærarråd*
- *September – presisering av tiltak knytt til klasselærarråd på bakgrunn av innspel i august*
- *Oktober – evaluering av fyrste gjennomføring av klasselærarråd og trekantmøter*
- *Desember/januar – evaluering etter T1*
- *April – evaluering etter fyrste klasselærarråd og trekantmøter i T2, samt fokus på elevundersøkinga og resultat*
- *Mai – Sluttevaluering av klasselærarråd, tilstandsvurdering og arbeid med nye styringsdokument*

**4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

- Gjennom gruppearbeid
- Innspel på avdelingsmøte
- Systematisk arbeid med kvantitative data frå T1 og elevundersøkinga
- Deltaking på trekantmøter for kontaktlærer og felles drøftingar av innspel frå 4-kantmøter på klasselærarråd

**4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

- Gjennom fastsetjing av fellestid til bruk på utviklingsarbeid
- Gjennom fastsetjing av avdelingstid til bruk på utviklingsarbeid
- Tverrfagleg gruppearbeid og samarbeid
- Oppfølging i medarbeidarsamtale

**4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Me har sikra elevmedverknad ved at elevrådet på elevrådssamling ved skulestart fekk innføring i VBV-arbeidet til skuleeigar og kva skulen har gjort dei siste åra. Deretter fekk dei kome med innspel til tiltaksplanen, spesielt tiltaka som går på elevane sjølve.

Dette arbeidet har heilt klart vore vanskelegare dette året sidan VOH har elevar frå to skular som ikkje har kunne vore tilstade til same tid når ein har elevrådsmøter. Her har utfordringane med omstilling kanskje kome tydelegast til syne. Det har gjort at det har vore vanskeleg å involvere elevrådet i gode nok prosessar dette skuleåret. På elevrådseminaret ved skulestart var elevråda frå begge skulane med, og ein brukte meir tid på arbeidet omkring omstilling og samanslåing som elevane vart ein del av dette skuleåret.

Elevane har derimot i siste trekantmøte fått evaluert gjennomføringa av trekantmøter.

**4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

For inneverande skuleår kan dei største utfordringane relaterast til omstillingsprosessen og samanslåinga med VOG som nemnd tidlegare. Utfordringar knytt til ulik praksis på å løyse oppgåver, lærarar som grunna timeplan ikkje kan delta på klasselærarråd eller fellesmøter har og gjort det vanskeleg å involvere alle like godt og forme ny praksis ein er samd om.

Me var budde på at dette kunne vere utfordrande dette året, derfor var utviklingsarbeidet med endring av praksis og rutinar for klasselærarråd ein del av vårt satsingsområde for å sikre at lærarar på dei ulike skulane skulle få betre føresetnad for å halde seg informert og kome med innspel dei gongene dei ikkje kunne møte fysisk.



## 5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

### **5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?**

Skulen er i ein omstillingsfase som pregar dei tilsette sin arbeidskvardag og gjer det vanskeleg med ein langsiktig planlegging og satsing på utviklingsarbeid. Dette arbeidet må ein ta til på når alle er samlokalisert ved NYE Voss gymnas som ein del av kulturbygginga i den nye organisasjonen.

Me har i inneverande skuleår brukt tid på tolking av dei nye styringsdokumenta i leiargruppa, som me la fram på skulebesøket i februar. Me meiner dei nye styringsdokumenta tydeleggjer og presiserer ansvaret til både leiarar, lærar og elevar, og me har gjort ein fordeling av i kva fora dei ulike punkta vert/skal jobbast med.

Me ser og at dei nye styringsdokumenta med dei presiserte ansvarpunkta, sett i ljøs av utviklingsarbeidet skuleåret 15-16 og komande år, samsvara godt med det utviklingsarbeidet me har hatt inneverande år, og som me vil vidareføre neste skuleår.